

## FISKEREGLAR

Vågå fjellstyre og Vågå kommune har fastsett følgjande fiskereglar for Langmorkje statsallmenning og for Vågå kommune sine eigedomsvatn og elv.

**1.** Fiskekort må løysast før fiske tek til. Dei under 16 år treng ikkje løyse fiskekort for fiske med stong og isonglar. Dei under 16 år som fiskar med annan reiskap enn stong, eller isonglar, må løyse fiskekort. Ved fiske frå båt, kan fiskaren, dvs. den som handterer reiskapen, ha med seg ein hjelpar til å ro eller styre båten utan at denne treng å løyse kort.

**2.** Dei som er busette i Norge har høve til å fiske med stong, oter (sjå pkt. 7), garn (sjå pkt. 8) og isonglar (sjå pkt. 5). Utlendingar (som ikkje bur i Norge) har høve til å fiske med ei stong. Dette omfattar også isfiske, men ikkje bruk av isonglar.  
Innanbygdsbuande,  
dvs. dei som siste året har vore og framleis er fast busette i Vågå kommune,  
kan fiske med stong, oter, isonglar, reiv og garn.

**3.** Det er til kvar tid forbode å nytte annan reiskap enn stong, oter, isonglar, reiv og stågarn (botngarn). I elv og bekk er fiske frå båt og alt anna enn stongfiske forbode. Hov kan nyttast som hjelpereiskap.

**4.** Fiske med *stong* er lov frå og med 15. mai t.o.m. 25. sept. Stong som er utsett frå land og ikkje vert passa på blir å rekne som fastståande reiskap (reiv).

**5.** *Isfiske* er lov på alle vatn. Dette inkluderer bruk av isonglar, dvs. pilkestikkar som er utsett. På Flatningen er det ikkje lov å nytte isonglar. Det er lov å nytte inntil 5 isonglar pr. fiskar. Isonglane skal vera merka med fiskaren sitt namn. Ved bruk av isonglar over to eller fleire dagar skal fiskaren sjå etter dei minst to gongar kvar dag. Fiskaren kan ikkje nytte isonglar på to eller fleire vatn samtidig. Bruk av rykkpilk er ikkje lov.

**6.** *Dorging* er lov f.o.m. 1. juni t.o.m. 15. sept., på Flatningen, Lemonsjøen og Kvitingen berre t.o.m. 10. sept. Dorg er ei stong med eitt kroksett (dvs. ein sluk, ein spinnar e.l.), og dorging er bruk av stong frå båt i rørsle. Det er lov å nytte to stenger pr. fiskar. På vatn der det er opna for garnfiske (dvs. Veslvatnet, Kvitingen, Surtningen, Flatningen, Melingen, Slomtjønn, Lemonsjøen, Nedre Birisjøtjønn, Birisjøen, Griningsdalsvatnet, Nedre Sjodalsvatn, Øvre Sjodalsvatn, Bessvatnet, Gjende, Øvre og Nedre Leirungen og Brurskarstjønn) er det i garnfiskeperioden, dvs. i tida 15. juni kl. 16.00 til 30. juni kl. 10.00 og 1. august kl. 16.00 til 15. sept. kl. 10.00 (på Flatningen, Lemonsjøen og Kvitingen t.o.m. 10. sept. kl. 10.00) lov å dorge berre mellom kl. 10.00 og kl. 16.00. Det same gjeld all fiske med stong frå båt, med unntak av fiske med flugestong, som er lov frå båt til kvar tid i heile stongfiskeperioden.

**7.** Oterfiske er lov f.o.m. 1. juni t.o.m. 15. sept., på Flatningen, Lemonsjøen og Kvitingen berre t.o.m. 10. sept. I garnfiskeperioden, på vatn der det er opna for garnfiske (sjå pkt. 6) er oterfiske lovleg berre mellom kl. 10.00 og kl. 16.00. På Gjende og Bessvatnet kan oterfiske skje mellom kl. 16.00 og kl. 10.00 også i garnfiskeperioden. Innanbygds kan fiske med oter og med bruk av båt på alle vatn. Utanbygds kan fiske med oter på Veslvatnet, Kvitingen, Surtingen, Melingen, Slomtjønn, Nedre Birisjø - tjønn, Birisjøen, Griningsdalsvatnet, Brurskarstjønn, Nedre Leirungen, Øvre Leirungen, Leirungstjønnen og Svarldalstjønnen. Oterfiske frå båt kan skje på på dei nemnde vatna med unntak av Leirungstjønnen og Svarldalstjønnen. Oterfiske er avgrensa til ein oter pr. båt og maks. 30 kroksett (spinnarar, fluger e.l.) pr. oter. Ved oterfiske frå båt, blir det oppmoda om å nytte ”høgreregelen”, dvs. ta til høgre når du set uti båten (mot sola). Ved inntak av oter kan det nyttast ei ekstra oterfjøl.

**8.** Garnfiske for utanbygds kan skje på Veslvatnet, Melingen, Slomtjønn, Nedre Birisjøtjønn, Birisjøen, Griningsdalsvatnet, Brurskarstjønn og Øvre Leirungen i tida 15. juni kl. 16.00 til 30. juni kl. 10.00, og i tida 1. august kl. 16.00 til 15. sept. kl. 10.00, med inntil 4 garn pr. fiskar og med 29 mm som største maskevidde. Med unntak av Griningsdalsvatnet, Melingen og Øvre Leirungen, må det for kvart garnsett (person) vera minst eitt garn på 24 mm eller mindre. Kvart garn skal ikkje vera lengre enn 25 m., og kan ha ei høgde på inntil 2 m. Ein person kan ikkje fiske med garn på meir enn eitt vatn pr. natt. Mellom kl. 10.00 og kl. 16.00 er det ikkje lov å ha garn ståande i vatna. Alle garn/ garnrekker skal markerast med ein lett synleg gjenstand, merka med fiskaren sitt namn. Alle som er med i garnfiske må delta aktivt under fisket, dvs. både ved utsetting og inntaking. Reglar for bruk av garn for innanbygds er opplista i eit eige vedlegg.

**9.** Ved ulovleg fiske frå båt, når to eller fleire driv saman, kan roaren eller den som styrer båten bli stilt likt med den som handterer reiskapen. Brot mot reglane er straffbart. Reglane vart sist revidert i 2012.

**10.** Bruk av *båtmotor* er lov på Flatningen, Lemonsjøen, Nedre Sjodalsvatn, Øvre Sjodalsvatn, Bessvatnet og Gjende, og med maks. 6 hk. (på Gjende maks. 10 hk). På Bessvatnet og Gjende, som ligg i Jotunheimen nasjonalpark, kan motorbåt berre nyttast av innanbygds i samband med utøving av bruksrett (m.a. fiske). Fiskereglane og fiskekortslet gjeld ikkje for følgjande private vatn, vatn eller elvestrekning med privat fiskerett: Russvatnet, Ingulsjøen, Tjønnosen, Sjugurdsjøen, Grjothovdtjønn, Dravtjønn og Eldbuhølane.